

Å kasta rett

Dette spelet er frå kampen mellom Buskerud 1 og Østfold og Follo 1. Syd hadde mange avkast som skulle gjerast her, og dei måtte gjerast rett.

G 8	N Jensen	VEST NOR 1♣ P 1♠ 2♣
	♠ J96 ♥ 8543 ♦ 8 ♣ 87653	P 2♥ 3♥ P 3NT P P P
V Marstrande	Ø Anderssen	
♠ 107 ♥ K9 ♦ K432 ♣ KJ1092	♠ K85 ♥ A62 ♦ Q765 ♣ AQ4	
3NT Vest NS: 0 ØV: 0	S Allard	
	♠ AQ432 ♥ QJ107 ♦ AJ109 ♣	

Mot Marstrander sin 3 NT starta Jensen i nord med hjarter 4 til ti og konge. Kløver til ess og kløver dame tok dei to neste stikka, og to små spar blei kasta frå syd. Liten ruter frå aust fulgte, til 9, og kongen på handa vann stikket. Kløver konge, og Allard i syd kasta hjarter knekt! Bridge er enkelt når du kan det. På kløver knekt kasta Allard ruter knekt, og på siste kløveren spar 2.

Ruter mot bordet fulgte, og Allard fekk stikket på 10-en. Han fortsatte med hjarter dame, som bordet vann på esset. Ruter dame blei stukke med esset, og no var hjarter 7 god å ha. Nord kom inn på hjarter 8 og kunne spela spar gjennom.